

## Møteinnkalling 2/17 – P3

**Delprosjekt:** P3 – Interkommunalt samarbeid  
**Møtestad:** Kirkens servicekontor (kyrkjeleg fellesråd), Spjelkavik – Nedregårdsvegen 1  
**Dato:** 16.10.2017  
**Tid:** 1230 - 1600

<b>Medlem</b>	<b>Vara</b>	
<b>Oddvar Myklebust, leiar</b>	Nils Magne Abelseth	Sandøy kommune
<b>Frode Andresen, nestleiar</b>		Ørskog kommune
<b>Frode Nordstrand</b>		Tillitsvalde/HVO
<b>Haldor Lillebø</b>		Haram kommune
<b>Kjell Haukeberg</b>	Karoline Stette	Skodje kommune
<b>Svein-Rune Johannessen</b>	Anne Kristin Bryne	Ålesund kommune

Meld frå om forfall til administrativ tilretteleggar på e-post [tore.hals@alesund.kommune.no](mailto:tore.hals@alesund.kommune.no) eller telefon 916 70 182.

Vara møter etter nærare avtale.

### Sakliste:

<b>Sak nr</b>	<b>Sakstittel</b>
004/17	Interkommunalt samarbeid som administrativ vertskommune
005/17	Selskapsavtale for IKS
006/17	Interkommunalt samarbeid som IKS
007/17	Eventuelt

Representantar frå kartleggingsgruppa og frå kommuneadvokaten vil vere til stades i møtet.

05.10.17

Oddvar Myklebust  
Leiar

[Skriv inn tekst]

**Interkommunalt samarbeid som administrativ vertskommune**

Sak nr	Utval	Møtedato
004/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

**Framlegg til vedtak:**

Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i administrativt vertskommunesamarbeid med utgangspunkt i følgjande:

1. Nye Ålesund kommune har for eigen del ikkje behov for å delta i administrativt vertskommunesamarbeid for å kunne gjennomføre eigne oppgåver.
2. Nye Ålesund ser at det kan vere fornuftig å føre vidare følgjande samarbeid:
  - a. ...
  - b. ...
  - ...
3. Dei andre samarbeida som kommunane deltek i per dato, unntatt det som er nemnt i pkt. 2 ovanfor, vil nye Ålesund avslutte.
4. Nye Ålesund er open for å drøfte samarbeid om nye oppgåver eller å føre vidare eksisterande samarbeid dersom det vil vere ein styrkje for innbyggjarane og for regionen.
5. Dersom staten pålegg ein kommune å inngå samarbeid med annan kommune for å kunne løyse konkrete oppgåver, er nye Ålesund positiv til ein avtale om å vere vertskommune.

**Vedlegg:**

Ingen.

[Skriv inn tekst]

## **Saksutgreiing:**

### **Kvifor denne saka**

Delprosjektgruppe P3 vedtok i møte 26.09.17 å sett opp gjennomgang av IKS og vertskommunesamarbeid som tema på sitt neste møte. Grappa bad administrasjonen lage ei saksutgreiing til hjelp for å starte ein konklusjon omkring interkommunale samarbeid.

Administrasjonen har vald å dele oppdraget i to saker. Den eine gjeld IKS og den andre gjeld vertskommunesamarbeid. Denne saka gjeld det administrative vertskommunesamarbeidet.

### **Omfang av administrativt vertskommunesamarbeid**

Dei fem kommunane som går inn i nye Ålesund kommune, deltek i til saman 15 administrativt vertskommunesamarbeid. Kvart samarbeid har éin vertskommune og éin eller fleire samarbeidskommunar. Talet på samarbeidskommunar varierer mellom 3 og 17. I over halvparten av tilfella er det 10 eller fleire kommunar som deltek i same samarbeid.

Dei 15 samarbeida er fordelt på fire vertskommunar: Ålesund 9, Ørskog 3, Skodje 2 og Haram 1. Ingen andre kommunar som deltek i eitt eller fleire av dei 15 samarbeida, er vertskommune.

Ørskog deltek i 13 samarbeid, Skodje 12, Haram og Ålesund 10 kvar, og Sandøy 5. Av dei andre kommunane som deltek i slikt samarbeid, kan vi notere oss at Norddal og Stordal begge deltek i 12 av dei 15 (men ikkje fullt ut dei same), og Giske og Sula deltek begge i 9 av dei 15 (men i litt ulike samarbeid).

### **Kva som er oppdraget til delprosjektgruppe P3 (jf. mandatet)**

Eitt av måla med kommunereforma er å redusere behovet for interkommunalt samarbeid slik at kommunen kan få sterkare styring og kontroll – politisk og administrativt – over dei tenestene kommunen har plikt til å gi sine innbyggjarar og det forvaltningsansvaret som er lagt til kommunen. Desse oppgåvene har kommunen ansvaret for uavhengig av kven som utfører dei på kommunens vegne.

Intensjonsavtalen som er inngått mellom dei fem kommunane om skaping av den nye kommunen, gir fellesnemnda i oppgåve å vurdere kva samarbeid det er ønskjeleg eller nødvendig for den nye kommunen å inngå i. Delprosjekt P3 skal utarbeide ein rapport som grunnlagsdokument for fellesnemnda si avgjerd. Denne skal bygge vidare på kartleggingsrapporten «Hopehav» levert av administrativ prosjektgruppe mai 2017.

### **Formelle rammer for vertskommunesamarbeid**

Kommunelova kapittel 5A gir høve til å inngå vertskommunesamarbeid. Det kan skje på to måtar:

[Skriv inn tekst]

1. Administrativt vertskommunesamarbeid, og
2. Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd.

Ingen av dei fem kommunane deltek i vertskommunesamarbeid med felles nemnd. Derfor blir berre dei formelle rammene rundt administrativt vertskommunesamarbeid omtala her. Rammene er slik:

<p><b>Flytting av oppgåver frå ein kommune til ein annan</b></p>	<p>Ein kommune(samarbeidskommunen) kan avtale med ein annan kommune (vertskommunen) at vertskommunen skal kunne utføre oppgåver og ta avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunen i enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.</p> <p>Delegasjon av slikt mynde skjer ved at kommunestyret sjølv gir instruks til eigen administrasjonssjefen om delegasjon til administrasjonssjefen i vertskommunen.</p> <p>Folkevald organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde i saker som er delegert som nemnt i avsnittet ovanfor.</p> <p>Samarbeidskommunen kan gi instruks til vertskommunen om korleis det delegerte myndet skal utøvast i saker som gjeld berre samarbeidskommunen eller innbyggjarar i samarbeidskommunen.</p> <p>Samarbeidskommunen har same høve til å gjere om vedtak som vertskommunen tek med heimel i delegert mynde, i same omfang som om samarbeidskommunen har gjort vedtaket sjølv.</p>
<p><b>Samarbeidsavtale</b></p>	<p>Eit vertskommunesamarbeid krev skriftleg avtale som kommunestyret sjølv må vedta.</p> <p>Samarbeidsavtalen skal innehalde reglar om</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Kven som er deltakarar i samarbeidet og kven av dei som er vertskommune.</li> <li>b) Kva for oppgåver og kva avgjerdsmynde som skal bli lagt til vertskommunen.</li> <li>c) Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmyndet.</li> <li>d) Korleis deltakarane skal bli kjent med vedtak gjort av vertskommunen.</li> <li>e) Det økonomiske oppgjeret mellom samarbeidskommunen/-ane o vertskommunen.</li> <li>f) Reglar om det å trekkje seg frå avtalen eller avslutte heile samarbeidet.</li> <li>g) Andre ting so etter lov krev avtale.</li> </ol>

[Skriv inn tekst]

	Vertskommunen skal orienter fylkesmannen om det inngåtte samarbeidet.
<b>Klage</b>	<p>Samarbeidskommunen er klageinstans i dei høva vertskommunen gjer vedtak der det er klagerett etter forvaltningslova § 28 første ledd. Er vedtaket gjort etter delegert mynde frå statleg organ, er det statlege organet klageinstans.</p> <p>Administrasjonen i vertskommunen er underinstans ved klage som nemnt ovanfor.</p> <p>Klageinstansen kan ikkje gjere om eit vedtak med heimel i forvaltningslova § 35 andre og tredje ledd. Statleg klageinstans kan likevel oppheve eit vedtak som blir rekna som ugyldig.</p>
<b>Lovlegkontroll</b>	Tre eller fleire medlemmer i kommunestyret i samarbeidskommunen kan krevje lovlegkontroll av avgjerder vertskommunen har tatt på vegne av samarbeidskommunen. Medlemmer i kommunestyret i vertskommunen har ikkje slik rett når vertskommunen har gjort vedtak på vegne av samarbeidskommunen.
<b>Å gå ut av avtalen eller oppløyse samarbeidet</b>	<p>Dersom deltakarane i samarbeidet kan samarbeidet bli oppløyst straks.</p> <p>Den enkelte deltakar kan seie opp si deltaking i samarbeidet med eitt års varsel. Annan frist kan vere avtalt i samarbeidsavtalen.</p>
<b>Kontrollutvalet sitt mynde</b>	Kontrollutvalet i vertskommunen tapar ikkje sitt mynde sjølv om kommunestyret i vertskommunen har tapt mynde i oppgåver administrasjonen i vertskommunen utøver på vegne av ein samarbeidskommune.
<b>Statleg tilsyn</b>	<p>Statlege kontrollinstansar skal rette sine pålegg eller sanksjonar til vertskommunen i dei tilfella vertskommunen utfører lovpålagte oppgåver på vegne av sein samarbeidskommune. Vertskommunen har ansvar for å etterkome pålegget eller sanksjonen.</p> <p>Statleg tilsynsorgan har rett til fullt innsyn i vertskommunen sine saksdokument.</p>

### Kort om dei administrative vertskommunesamarbeida

#### **Arbeidsgivarkontroll og skatteinnkrevjing (kemner)**

[Skriv inn tekst]



Ålesund er vertskommune for 16 samarbeidskommunar om arbeidsgivarkontroll. Samtidig er Ålesund vertskommune for 8 samarbeidskommunar om skatteinnkrevjing.

8 samarbeidskommunar er med i begge samarbeida: Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Sykkylven og Ørskog.

Desse 8 er med berre for arbeidsgivarkontroll: Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Ulstein, Volda og Ørsta.

Dei 17 kommunane som no samarbeider om arbeidsgivarkontroll, blir redusert til 12. Dei 9 som samarbeider om skatteinnkrevjing, blir redusert til 3. Korleis desse endringane vil påverke samarbeidskommunane med tanke på ønskje om vidare samarbeid, er per i dag ukjent.

Det er kemneren i Ålesund som administrerer begge desse to samarbeida og som må rapportere inn til statlege organ for kvar av samarbeidskommunane. Kemneren hjelper elles til med skatteinnkrevjing for kommunar som ikkje er med i samarbeidet, i samband med at deira oppkrevjar har ferie og anna fråvær.

### **Barnevern**

Skodje er *vertskommune* for Nordal, Stordal og Ørskog om barnevern (Storfjorden barnevern).

Ålesund *sel* advokattenester til barnevernet i Giske, Herøy, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven og Ørskog.

Storfjorden barnevern blir det ikkje grunnlag for å føre vidare i si noverande form da to av kommunane går inn i nye Ålesund og to går saman i nye Fjord kommune. Fjord må avklare sitt behov for samarbeid.

Salet av advokatteneste vil kunne halde fram om det er interesse for det frå kjøparane, eventuelt også nye kjøparar, men Sandøy, Skodje og Ørskog blir ikkje framtidige kjøparar. Om nye Fjord vil bli kjøpar er ikkje kjent her og no.

Salet av teneste som er nemnt her, er ikkje vertskommunesamarbeid med heimel i kommunelova.

### **Brannvern**

Ålesund er *vertskommune* for sju kommunar: Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Sula og Ørskog. Dette gjeld brannvern, opplæring og øving, tilsyn av særskilt brannobjekt, enklare vedlikehald, og hjelp til innkjøp.

Ålesund *sel* teneste som brannsjef til Giske og Haram. Stordal (eller Fjord) har i haust vendt seg til Ålesund med spørsmål om samarbeid om brannsjeffunksjonen.

[Skriv inn tekst]



Ålesund sel tenester med branntilsyn og feiing til Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal og Sula

Ålesund sel teneste med tilsyn med særskilt brannobjekt til Hornindal, Sykkylven og Sandøy.

Ålesund har sløkkjeavtale med Sula for deler av kommunen.

Ålesund driv dessutan kurs og opplæring for ei lang rekkje av kommunar.

Vi ser at innan brannvern er det mange ulike ordningar der ulike kommunar er med på ulike ting. Dette kan det vere grunnlag for å sjå nærare på.

Det er eit viktig skilje mellom å vere vertskommune og det å selje ei teneste. Ein vertskommune har også mynde medan seljaren ikkje har mynde. Vertskommunen kan med andre ord gi pålegg etter eit tilsyn, men kommunen som sel tilsynsteneste, kan ikkje gi pålegg på bakgrunn av tilsynet. Pålegget må da kome frå kommunen som har kjøpt tilsynstenesta.

### ***IT-tenester***

Ålesund er vertskommune for Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Sula og Ørskog om drift av IT-tenester (E-kommune Sunnmøre). Desse kommunane blir no redusert til 4: Fjord, Giske, Sula og Ålesund.

IT-tenesta er også organisert som eit interkommunalt samarbeid med eige styre. Dette gjeld for den strategiske delen av IT-utviklinga. Dette samarbeidet har kommunane blitt samde om å avvikle og at det berre er aktuelt å samarbeide vidare om driftsoppgåver.

Korleis Fjord, Giske og Sula stiller seg til vidare (vertskommune)samarbeid er ikkje kjent i skrivande stund.

### ***Krisesenter***

Ålesund er vertskommune for 17 samarbeidskommunar om drifta av krisesenteret. Desse 18 kommunane blir no redusert til 13 der den eine, Volda, blir utvida til også å omfatte noverande Hornindal.

Kommunane har plikt til å ha eit krisesentertilbod. Etterspurnaden av tilbodet vil variere både i tid og rom slik at ikkje alle kommunane har like stort behov til ei kvar tid. Uavhengig av omfang er det nødvendig med ein høg kvalitet på tilbodet. For å sikre kvaliteten vil det vere ønskjeleg at fleire kommunar samarbeidet om drifta av eit slikt senter.

Nye Ålesund kommune bør stille seg positiv til å vidareføre gamle Ålesund si vertskommunerolle på dette feltet.

### ***Landbrukskontor***

[Skriv inn tekst]



Haram er vertskommune for Giske og Sandøy om landbrukstenester.

Ørskog er vertskommune for Stordal, Sula og Ålesund om tilsvarende tenester (Nordre Sunnmøre landbrukskontor).

Dette betyr at kommunane i nye Ålesund i dag deltek i to ulike samarbeid om landbrukstenestene. I begge høva er ein av kommunane i nye Ålesund vertskap, noko som tilseier at den nye kommunen vil klare å levere tenestene på eiga hand utan interkommunalt samarbeid.

Giske og Sula har i dag kvar sin vertskommune der begge no vil bli nye Ålesund. Korleis dei stiller seg til eit vidare samarbeid som følgje av ny kommunestruktur, og om det er aktuelt å samarbeide med nye Ålesund, er ikkje kjent.

Stordal går saman med Nordal, som har sitt eige landbrukskontor, i nye Fjord kommune. Vi kan da kanskje rekne med at Fjord vil stå for landbrukstenestene på eiga hand.

Nye Ålesund bør tidleg gi signal om det er interesse å tilby vertskap for landbrukskontor til Giske og Sula, eventuelt også Fjord.

### **Legevakt**

Her er det fleire typar vertskommunesamarbeid:

- Helg og kveld (1): Ørskog er vertskap for Norddal, Stordal og Vestnes.
- Helg og kveld (2): Ålesund er vertskap for Haram, Skodje og Sula.
- Natt: Ålesund er vertskap for Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Ørskog og Vestnes.
- Naudnett: Ålesund er vertskap for Giske, Haram, Norddal, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og Ørskog.

Å dele opp legevakttenesta i så mange variantar med vekslende deltakarar, er svært krevjande, ikkje minst for vertskommunen. Den nye kommunestrukturen bør vere eit godt høve til å ta ein total gjennomgang av organiseringa av denne viktige tenesta. Hovudfokus må da vere å gi ei best mogleg teneste for eigne innbyggjarar.

### **NAV**

Skodje er vertskommune for NAV Storfjorden der Norddal, Stordal og Ørskog er samarbeidskommunar. Desse fire kommunane går no inn som deltakarar i to nye. Ørskog treng ikkje lenger å ha Skodje som vertskommune da begge to blir med i nye Ålesund.

[Skriv inn tekst]



Nye Fjord må ta stilling til om den ønsker å samarbeide med nye Ålesund eller andre om drift av NAV-kontor, og nye Ålesund bør avklare om den vil tilby å vere vertskommune for Fjord og/eller andre kommunar.

Her er det viktig å hugse på at NAV har både ein kommunal og statleg del. Dette krev at avgjerda om korleis tenesta skal organiserast, må bli tatt etter tett dialog med staten.

### **Overgrepsmottak**

Ålesund er vertskommune for Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein og Ørskog om drift av overgrepsmottak. Helse Møre og Romsdal har det økonomiske ansvaret for mottaket.

Vurderinga av framtidig samarbeid om dette viktige tiltaket vil bli tilsvarende som for det som er nemnt ovanfor om krisesenteret.

### **PPT**

Ørskog er vertskommune for Skodje, Norddal og Stordal om PPT-tenesta (PPT Storfjorden).

Framtidig situasjon for dette samarbeidet blir tilsvarende som nemnt for NAV (unntatt drøfting med staten), sjå ovanfor.

### **Vurdering**

I delprosjektgruppa sitt mandat er det sett eit effektmål. Delprosjektet må vurdere saka med utgangspunkt i dette effektmålet:

1. Alle skriftlege avtalar om interkommunalt samarbeid som i dag er inngått, blir ugyldige frå og med det tidspunktet den nye kommunen er operativ (01.01.2020).
2. Pkt. 1 betyr at avtalane må anten bli inngått på nytt, med eller utan endring, eller seiast opp. Nye avtalar må vere signert av partane før 01.01.2020. Oppseiing av avtalar inneber overføring av oppgåvene til den nye kommunen.
3. Effektmålet med delprosjekt P3 er å få fram grunnlaget for å kunne realisere pkt. 2, dvs.
  - a. kva avtalar som bør førast vidare utan endring anna enn nye juridiske partar,
  - b. kva avtalar som bør førast vidare med endringar, og
  - c. kva avtalar som bør bli sagt opp.

Administrativt vertskommunesamarbeid gir samarbeidskommunen og vertskommunen ulike rollar:

- Samarbeidskommunen slepp å utføre oppgåver kommunen er tillagt ansvaret for ved å overlate arbeidet til ein annan kommune (vertskommune).
- Samarbeidskommunen har likevel styring på desse oppgåvene ved å kunne instruere vertskommunen i korleis arbeidet skal gjerast, kan – på visse vilkår – gjere om vedtak

[Skriv inn tekst]

vertskommunen har fatta på sine vegne, og er – i nokre samanhengar – klageinstans på vertskommunen sine vedtak.

- Vertskommunen må utføre oppgåvene som samarbeidskommunen skulle ha gjort.
- Vertskommunen må skilje oppgåvene på det feltet det blir samarbeidd om, slik at det blir tydeleg kva som gjeld samarbeidskommunen og kva som gjeld eigen kommune (vertskommunen). Dette både ut frå arkiv og dokumentasjon og ved klagebehandling. Er det mange samarbeidskommunar blir denne delen av vertskommunen sitt arbeid meir omfattande.
- Vertskommunen er mottakar av statlege tilsyn. Pålegg og sanksjonar frå statlege tilsynsorgan blir altså retta mot vertskommunen og ikkje samarbeidskommunen.
- Vertskommunen vil bli sittande med framtidige pensjonsansvar for tilsette også etter at vertskommunesamarbeidet er avslutta. Dette er lett å gløyme og blir dermed sjeldan (aldri?) tatt med i den økonomisk fordelinga av kostnadane mellom vertskommunen og samarbeidskommunen.

Ut frå punkta ovanfor kan vi seie at det er enklare å vere samarbeidskommunen enn vertskommune.


Bakgrunnen for at vertskommunesamarbeid blir inngått, kan i mange tilfelle skuldast at samarbeidskommunen manglar eller ikkje har tilstrekkeleg kompetanse og/eller kapasitet i eigen organisasjon medan vertskommunen har slik kompetanse og kapasitet. Ved samarbeid vil det vere mogleg for kommunane å gi innbyggerane samla sett eit betre tilbod.

For ein kommune som har kompetanse og kapasitet, kan eit samarbeid med ein eller fleire andre kommunar ha ein positiv effekt. Det kan gi høve til å skaffe seg auka kompetanse. Høg spisskompetanse på eitt felt, vil dessutan kunne gjere kommunen meir attraktiv også på andre fagfelt. Så det meirarbeidet og det auka ansvar eit vertskommuneoppdrag fører med seg, kan vere positivt også for vertskommunen.

Når dei fem kommunane no skal utvikle ein ny kommune, er det viktig å ha større fokus på korleis den nye skal bli best mogleg tenesteleverandør og samfunnsutviklar enn det å tilby å vere vertskommune for andre kommunar, kommunar som i stor grad seier dei klarer seg godt på eiga hand.

Grunnlaget for å halde fram med dei femten administrativt vertskommunesamarbeida dei fem kommunane no deltek i, fell bort. Den nye kommunen vil nemleg vere i stand til å utføre desse oppgåvene på eiga hand i og med at alle dei femten oppgåvene i dag blir utført av ein av dei fem kommunane som vertskommune. Dette betyr likevel ikkje at den nye kommunen skal sjå bort frå at det kan vere behov for samarbeid på andre område. Det bør heller ikkje bety å seie tvert nei til å føre vidare noko av noverande vertskommunesamarbeid.

[Skriv inn tekst]



## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Delprosjektgruppe P3 blir oppmoda om å gi fellesnemnda ei tydeleg innstilling på korleis nye Ålesund bør stille seg til vertskommunesamarbeid med andre kommunar.

Tore Hals  
administrativ tilretteleggar

[Skriv inn tekst]

## Selskapsavtale for IKS

Sak nr	Utval	Møtedato
005/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

### Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa P3 tek saka til orientering.

### Vedlegg:

1. Selskapsavtale for Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS.

### Saksutgreiing:

#### Kvifor denne saka

I sitt møte 26.09.17 sette delprosjektgruppe P3 opp gjennomgang av IKS, vertskommunesamarbeid og aktuelle avtalar om interkommunalt samarbeid som tema i neste møte. Administrasjonen har vald å følgje opp dette med å presentere det interkommunale samarbeidet som administrativ vertskommune, og det interkommunale samarbeidet som IKS, i eigne saker (sak 04/17 og 06/17).

I staden for å ta ein fullstendig gjennomgang av alle inngåtte avtalar, vel administrasjonen gjennom denne saka å ta ein kort gjennomgang av dei formelle sidene av selskapsavtalar for IKS og legg ved, etter prosjektgruppa sitt ønskje, selskapsavtalen om ÅRIM som eksempel.

#### Formelle rammer rundt selskapsavtale

For interkommunalt selskap skal det opprettast ein skriftleg selskapsavtale. Lov om interkommunale selskap seier at selskapsavtalen i det minste skal ha med 9 nærare fastsette punkt:

Punkt	Merknad
<b>1 Selskapet sitt</b>	Dette går det som oftast greitt å bli samde om.

[Skriv inn tekst]

Punkt	Merknad
<b>føretaksnamn</b>	
<b>2 Kven som deltek</b>	Det må vere minst to deltakarar for å danne eit IKS.
<b>3 Selskapet sitt formål</b>	<p>Dette er eit viktig punkt. Det er her deltakarane legg grunnlaget for kva selskapet skal drive med. Dess meir generell formuleringa er, dess større fridom får selskapet til å utforme sin strategi og aktivitet. Dersom deltakarane vil hindre at selskapet skal legge strategiar og starte aktivitetar som ikkje var tiltenkt ved etableringa, bør dette gå fram av formålet.</p>
<b>4 Den kommunen der selskapet skal ha sitt hovudkontor</b>	<p>Dette kan det bli ein del diskusjon om.</p>
<b>5 Talet på styremedlemer</b>	<p>Styret må ha minst tre medlemer. Tilsette kan krevje plass i styret avhengig av talet på tilsette i selskapet. Minste medlemstal i styret blir endra tilsvarande.</p> <p>Det er representantskapet som vel styremedlemene, unntatt tilsette sine representantar. I avtalen må det gå fram om val av leiar og nestleiar skal skje i representantskapet eller av styret sjølv. Om dette ikkje er nemnt i avtalen, er det representantskapet som vel desse to verva.</p> <p>Representantskapet kan når som helst fjerne eit styremedlem det sjølv har vald.</p>
<b>6 Om deltakarane har innskotsplikt eller plikt til andre ytingar til selskapet</b>	<p>Den enkelte deltakar har etter lova ikkje plikt til å gjere innskot i selskapet i større utstrekning enn det som følgjer av selskapsavtalen eller lova. Selskapsavtalen kan altså ta med slik plikt og kva plikta konkret gjeld.</p> <p>Dersom ikkje anna er <i>avtalt</i>, forfell plikta til å yte innskot straks selskapet er etablert.</p>
<b>7 Den enkelte deltakar sin eigardel i selskapet. Dersom den enkelte deltakar sin ansvarsdel ikkje samsvarar med eigardelen, skal avtalen</b>	<p>Den enkelte deltakar heftar uavgrensa for ein prosent- eller brøkdelen av selskapet sine forpliktingar. Prosent- eller brøkdelen kan vere ulik deltakarane i mellom. Til saman skal delane utgjere selskapet sine samla forpliktingar.</p> <p>Den enkelte deltakar sitt ansvar for selskapsforpliktingane svarar til</p>

[Skriv inn tekst]

Punkt	Merknad
<b>også ta med ansvarsdelen</b>	deltakarane sin eigardel i selskapet. Selskapsavtalen kan likevel bestemme at deltakarane skal ha ein prosent- eller brøkdel i eigardelen som er ulik den i ansvarsdelen. I så fall skal også ansvarsdelen vere spesifisert i avtalen.
<b>8 Talet på medlemmer av representantskapet og kor mange medlemmer den enkelte deltakar skal velje</b>	<p>Alle deltakarane skal ha minst éin representant i representantskapet.</p> <p>Representantskapet er øvste organ i selskapet og skal behandle rekneskap, budsjett og økonomiplan, og andre saker som etter lova eller selskapsavtalen skal behandlast der. Selskapsavtalen kan også bestemme at visse saker som elles vil høyre til under styret (jf. § 13 i lov om interkommunale selskap), må bli godkjent av representantskapet.</p> <p>Det er berre gjennom representantskapet deltakarane kan utøve eigarstyring. Derfor er det viktig at det er samsvar mellom representasjon og plikter og ansvar. Har ein deltakar f eks over halvparten av eigar- og/eller ansvarsdelen i selskapet, bør den også ha over halvparten av medlemene i representantskapet.</p> <p>Deltakarane vel sjølv sine representantar til representantskapet.</p>
<b>9 Anna som etter lov skal gå fram av selskapsavtalen</b>	Dette vil vere avhengig av kva oppgåver som blir lagt til selskapet.

Det er høve til å ta med fleire forhold i selskapsavtalen enn det minstekravet som er nemnt ovanfor. Det er kanskje særleg to forhold som bør bli med, i eigne punkt eller som del av andre punkt.

Det eine er eigarstyring. Det bør gå klårt fram av selskapsavtalen at deltakarane (eigarane) skal få tilsendt sakene som skal behandlast i representantskapet så tidleg at eigarane får tid til å behandle sakene politisk før representantskapsmøtet. Eigarane må kunne avtale med sine representantar i representantskapet korleis dei skal agere på vegne av eigaren, eventuelt gi representantane bunde mandat i stemmegivinga. Representantane representerer nemleg eigarane og ikkje seg sjølve. Derfor er det eigarane som må avgjere kva representantane skal målbære i selskapet sine representantskapsmøte. Kva som er 'så tidleg' bør vere spesifisert i dagar eller veker.

Det andre er valnemnd. Eit IKS, til liks med andre selskap, treng styremedlemmer som samla sett har ein brei og solid kompetanse om styrearbeid og om det selskapet skal drive med. Ei valnemnd vil vere

[Skriv inn tekst]



ein egna måte å få vurdert ulike kandidatar og finne fram til kandidatar som kan komplettere kvarander med tanke på best mogleg styring og drift av selskapet.

Lova om interkommunale selskap har altså eit minstekrav om kva forhold selskapsatalen skal ha reglar om. Avtalen må dessutan ikkje vere i strid med det som går fram av lova, slik som mynde til representantskapet og styret, innkalling til møte og saksbehandling i dei to organa, dagleg leiar, habilitet, representasjon og økonomiske forhold, eigarskifte, uttreden og oppløysing av selskapet.

Selskapsavtalen for Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM) blir lagt ved som eksempel på inngått selskapsavtale. Valet av selskap er, som nemnt ovanfor, etter ønskje frå delprosjektgruppa.

Tore Hals  
administrativ til retteleggar

[Skriv inn tekst]

## Vedlegg 1.

### SELSKAPSAVTALE FOR INTERKOMMUNALT AVFALLSELSKAP FOR ÅLESUNDREGIONEN

Vedteke 20. februar 2009. Sist oppdatert etter møte i representantskapet 28. oktober 2016.

#### § 1 Heimel.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap IKS (ÅRIM) er eit interkommunalt sekskap med delt ansvar, stifta med heimel i "Lov om interkommunale sekskaper" (1999-01-29 NR 06). I sekskapsavtalen er denne lova heretter kalla "IKS – lova".

#### § 2 Deltakarar.

Følgjande kommunar deltek i sekskapet:

Giske kommune

650 Valderøy

Organisasjonsnummer: 964 980 721

Haram kommune

6270 Brattvåg


Organisasjonsnummer: 964 980 810

Norddal kommune

6210 Valldal

[Skriv inn tekst]





## Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Organisasjonsnummer: 939396268

Sandøy kommune

6487 Harøy

Organisasjonsnummer: 964 981 248

Skodje kommune

6260 Skodje

Organisasjonsnummer: 964 980 454

Stordal kommune

6250 Stordal

Organisasjonsnummer: 964 980 276

Stranda kommune

6200 Stranda

Organisasjonsnummer: 964 980 098

Sula kommune

6030 Langevåg

Organisasjonsnummer: 964 980 543

Sykkylven kommune

6230 Sykkylven

Organisasjonsnummer: 964 980 365

[Skriv inn tekst]



Vestnes kommune

6390 Vestnes

Organisasjonsnummer: 939 901 965

Ørskog kommune

6240 Ørskog

Organisasjonsnummer: 864 978 932

Ålesund kommune

6025 Ålesund

Organisasjonsnummer: 942 953 119

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap.

### § 3 Føremål.

3.1 Å utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.

3.2 Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga.

3.3 Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande.

3.4 Å gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg.

3.5 Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbygarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling.

3.6 Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap.

[Skriv inn tekst]

3.7 Å utføre eventuelle andre oppgaver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.

#### § 4 Hovudkontor.

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

#### § 5 Eigardelar og deltakaransvar

Kommunane sin eigardel i selskapet vert fastlagd som ein prosentdel i høve til folketalet.

Kommunane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til den same prosentdelinga.

Ved stiftinga i 2008 er eigardelar og ansvar delt på følgjande måte i samsvar med Statistisk Sentralbyrå (SSB) sin statistikk pr. 01.01.2008.

Kommune	Folketal	Prosentdel
Giske	6 777	7,271 %
Haram	8 617	9,245 %
Norddal	1 761	1,889 %
Sandøy	1 281	1,374 %
Skodje	3 750	4,023 %
Stordal	979	1,050 %
Stranda	4 543	4,874 %
Sula	7 626	8,181 %
Sykkylven	7 491	8,037 %
Vestnes	6 434	6,903 %
Ørskog	2 119	2,273 %
Ålesund	41 833	44,880 %
<b>SUM</b>	<b>93 211</b>	<b>100,000 %</b>

Prosentatsane vert justerte kvart 4 år, første gong pr. 1.1.2012. Satsane vert justert i samsvar med SSB sin statistikk for årsskiftet 2011/2012, 2015/2016 o.s.v. Slike endringar skal gå fram av årsmeldinga til selskapet, men endringa vert ikkje handsama som endring i selskapsavtalen.

[Skriv inn tekst]

Eigardel per 01.01.2012:

Kommune	Folketal	Prosentdel
Giske	7 312	7,444 %
Haram	8 973	9,135 %
Norrdal	1 738	1,769 %
Sandøy	1 315	1,339 %
Skodje	4 184	4,260 %
Stordal	1 026	1,045 %
Stranda	4 602	4,685 %
Sula	8 256	8,405 %
Sykkylven	7 664	7,802 %
Vestnes	6 539	6,657 %
Ørskog	2 202	2,242 %
Ålesund	44 416	45,218 %
<b>SUM</b>	<b>98 227</b>	<b>100,000 %</b>

Eigardel per 01.01.2016:

Kommune	Folketal	Prosentdel
Giske	8 094	7,877 %
Haram	9 200	8,954 %
Norrdal	1 652	1,608 %
Sandøy	1 270	1,236 %
Skodje	4 620	4,496 %
Stordal	1 020	0,993 %

[Skriv inn tekst]

Stranda	4 598	4,475 %
Sula	8 952	8,712 %
Sykkylven	7 675	7,470 %
Vestnes	6 611	6,434 %
Ørskog	2 310	2,248 %
Ålesund	46 747	45,496 %
<b>SUM</b>	<b>102 749</b>	<b>100,000 %</b>

### § 6 Selskapet si leing

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar som administrerer drifta av selskapet.

### § 7 Representantskapet

7.1 Medlemskommunane øver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet sitt i samsvar med lover, forskrifter og selskapsavtalen.

7.2 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane i høve til det totale folketalet i selskapsregionen etter følgjande delingshøve:

Del av totalt folketal i %	Representantar
Mindre enn 10	1
10 – 20	2
20 – 30	3
30 – 40	4
40 – 100	5

Ved stiftinga gjev folketalet pr 01.01.2008 følgjande representasjon:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
---------	----------	------------	----------------

[Skriv inn tekst]

Giske	6 777	7,271 %	1
Haram	8 617	9,245 %	1
Norddal	1 761	1,889 %	1
Sandøy	1 281	1,374 %	1
Skodje	3 750	4,023 %	1
Stordal	979	1,050 %	1
Stranda	4 543	4,874 %	1
Sula	7 626	8,181 %	1
Sykkylven	7 491	8,037 %	1
Vestnes	6 434	6,903 %	1
Ørskog	2 119	2,273 %	1
Ålesund	41 833	44,880 %	5
<b>SUM</b>	<b>93 211</b>	<b>100,000 %</b>	<b>16</b>

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gong pr. 1.1.2012, på same måten som i § 6.

Representasjon pr. 01.01.2012:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
Giske	7 312	7,444 %	1
Haram	8 973	9,135 %	1
Norddal	1 738	1,769 %	1
Sandøy	1 315	1,339 %	1
Skodje	4 184	4,260 %	1
Stordal	1 026	1,045 %	1

[Skriv inn tekst]

Stranda	4 602	4,685 %	1
Sula	8 256	8,405 %	1
Sykkylven	7 664	7,802 %	1
Vestnes	6 539	6,657 %	1
Ørskog	2 202	2,242 %	1
Ålesund	44 416	45,218 %	5
<b>SUM</b>	<b>98 227</b>	<b>100,000 %</b>	<b>16</b>

Representasjon pr. 01.01.2016:

Kommune	Folketal	Prosentdel	Representantar
Giske	8 094	7,877 %	1
Haram	9 200	8,954 %	1
Norddal	1 652	1,608 %	1
Sandøy	1 270	1,236 %	1
Skodje	4 620	4,496 %	1
Stordal	1 020	0,993 %	1
Stranda	4 598	4,475 %	1
Sula	8 952	8,712 %	1
Sykkylven	7 675	7,470 %	1
Vestnes	6 611	6,434 %	1
Ørskog	2 310	2,248 %	1
Ålesund	46 747	45,496 %	5
<b>SUM</b>	<b>102 749</b>	<b>100,000 %</b>	<b>16</b>

[Skriv inn tekst]

7.3. Medlemene i representantskapet med personlege varamedlemer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

7.4 Dagleg leiar i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet. Om ikkje representantskapet for den enkelte saka avgjer noko anna, har styreleiar, styremedlemer og dagleg leiar rett til å delta i representantskapet sine møte og til å uttale seg. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å vere til stades med mindre det er openbert unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. I sistnemnde høve skal det utpeikast nokon som kan møte i staden for dagleg leiar.

7.5 Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

## § 8 Møte i representantskapet

8.1 Representantskapet kjem saman minst 2 gonger i året. Leiaren for representantskapet kallar inn til møte når det er ønskeleg for å gje orientering eller drøfte saker som kan ha interesse for selskapet, eller som er nødvendige å handsame etter lova eller selskapsavtalen.

Leiaren for representantskapet pliktar også å kalla inn til møte når styret, revisor, minst ein av medlemskommunane, eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemer krev det for handsaming av ei særskild sak.

Det skal innkallast til årsmøte kvart år innan utgangen av mai.

På årsmøtet skal representantskapet handsame desse sakene:

- Skriftleg årsmelding frå styret.
- Revidert årsrekneskap frå styret.
- Val av leiar/nestleiar i representantskapet (annakvart år).
- Val av styremedlemer og varamedlemer til styret.
- Val av leiar og nestleiar i styret.
- Val av medlemer i valkomiteen.
- Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjon.
- Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle til representantskapet.

Elles skal representantskapet handsame:

- Budsjett og økonomiplan, inklusive satsane for kommunane si innbetaling til selskapet.
- Strategi for selskapet, og eventuell felles avfallsplan for kommunane.
- Eventuelle framlegg om endring av selskapsavtalen.
- Fullmakter til styret .
- Eventuelle andre saker som styret vil ha handsama i representantskapet.

8.2 Representantskapet skal velje ein valkomité med minst 3 medlemer som skal fremje forslag om leiar og nestleiar i representantskapet, val av styremedlemer og medlemer i klageutval for årsmøtet. Medlemene i valkomiteen med personlege varamedlemer blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

[Skriv inn tekst]



8.3 Innkalling til møte skal skje med minst 4 veker varsel. Innkallinga skal innehalda saksliste og eventuelle saksdokument. Kvar medlemskommune skal med same frist varslast om innkallinga og sakslista.

Det skal førast protokoll for møta. Denne skal underskrivast av leiaren og 2 av dei andre medlemene. Medlemene i styret og dagleg leiar har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

8.4 Kvar representant har ei røyst. Representantskapet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene i representantskapet er til stades, og desse representerer minst to tredelar av alle røystene. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene, bortsett frå endring i selskapsavtalen som krev 2/3 fleirtal, og vedtak om gjeremål etter § 3.7 i selskapsavtalen som må gjerast einstemmig. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst.

Representantskapet sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar. Sakshandsaminga i representantskapet skal elles skje i samsvar med IKS – lova § 9. Ved spørsmål om habilitet gjeld Kommunelova § 40 nr. 3.

8.5 Vedtak i representantskapet må godkjennast av kommunane dersom dette er eit krav i Kommunelova eller andre lover.

Budsjett og rekneskap skal sendast medlemskommunane som melding.

## § 9 Styret

9.1 Styret i selskapet skal ha 7 medlemmer. Dersom selskapet får fleire enn 30 tilsette, og dei tilsette såleis har krav på representasjon i styret i samsvar med IKS – lova § 10, vert talet på styremedlemmer utvida med talet på representantar for dei tilsette.

Styret skal ha 6 varamedlemmer i nummerert rekkefølge. Styremedlemene og varamedlemene blir valde for 2 år om gongen. Attval kan finne stad.

Dagleg leiar eller medlem i representantskapet kan ikkje vere medlem i styret.

9.2 Begge kjønn skal vere representerte i styret i samsvar med IKS – lova § 10, som viser til aksjelova § 20 – 6, der det heiter at når styret har seks til åtte medlemmer, så skal kvart kjønn vere representert med minst tre.

9.3 Ved val av styremedlemmer skal valkomiteen med sine forslag og representantskapet i sitt styreval ta omsyn til selskapet sitt behov for lokalkunnskap, røynsle i styrearbeid, og kompetanse innanfor relevante fagområde som miljøfag, informasjon, økonomi og liknande.

9.4 Styret har ansvaret for organiseringa av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt budsjett og andre vedtak og retningslinjer som er fastlagde av representantskapet.

Styret skal tilsetje dagleg leiar og føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

[Skriv inn tekst]

For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiaren.

Styret gjev innstilling i saker som skal føreleggjast representantskapet.

## § 10 Styremøte

10.1 Leiar av styret kallar inn til møte når han finn det nødvendig eller når eit medlem av styret eller dagleg leiar ber om det. Om ikkje styret for den enkelte saka avgjer noko anna, har dagleg leiar rett og plikt til å vere til stades og å uttale seg i styremøta.

Innkalling til møte skal skje med minst 5 dagars varsel, og innkallinga skal innehalde saksliste og eventuelle saksdokument. Det skal først møteprotokoll som skal underskrivast av dei styremedlemene som er til stades. Styremedlem eller dagleg leiar som er usamd i styret sitt vedtak kan krevje å få si meining innført i protokollen.

10.2 Styret sin leiar er møteleiar. Når denne er fråverande, er nestleiar møteleiar. Dersom ingen av desse er til stades, skal det veljast ein møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades.

Vedtaka vert gjorde med vanleg fleirtal av dei gjevne røystene. Dei som røyster for eit forslag, må likevel utgjere meir enn ein tredel av talet på styremedlemer totalt i selskapet for at forslaget skal sjåast som lovleg vedtak.

Ved likt røystetal har møteleiaren dobbelrøyst.

Ved spørsmål om habilitet gjeld Kommunelova § 40 nr. 3.

## § 11 Dagleg leiar

Dagleg leiar skal stå for den daglege leiinga av selskapet og følgje dei retningslinene og pålegga som styret har gjeve. Større saker eller saker av uvanleg art kan den daglege leiaren berre avgjere når styret i den enkelte saka har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan vente på avgjerd i styret utan vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast orienterast om saka.

## § 12 Representasjon – Signatur

Styret representerer selskapet utetter, og teiknar selskapets firma. Styret kan gje styreleiar og eitt styremedlem saman rett til å teikne selskapets firma og kan avgjera at dei som har slik rett må utøve den i fellesskap.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i dei sakene som kjem inn under § 11

## § 13 Innskotsplikt, budsjett, utbytte og låneopptak

Eigenkapitalen er kr. 500 000,-

Innskot av eigenkapital skal skje i høve til kommunane sin eigardel, slik denne er fastlagd i § 5.

Selskapet skal drivast slik at det ikkje er avhengig av tilskot frå kommunane utover eigenkapitalen.

[Skriv inn tekst]

Etter at årsrekneskapen er fastsett, kan representantskapet, etter forslag frå styret, vedta utdeling av utbytte frå selskapet etter reglane i § 29 i IKS-loven.

Selskapet har høve til å ta opp lån til kapitalføremål og konvertering av eldre gjeld innanfor ei ramme for samla låneopptak på kr. 100 mill. Vedtak om låneopptak krev godkjenning av departementet.

#### § 14 Avrekning mellom selskapet og kommunane

For dei tenestene der kostnaden skal delast likt på innbyggjarane i selskapsområdet, betalar kommunane a-kontosummar kvart kvartal etter rekning frå selskapet. Summen for kvar kommune vert fastlagd på grunnlag av vedteke budsjett og talet på innbyggjarar 1. januar.

Medlemskommunane skal krevje inn renovasjonsgebyret og gebyr for slamtøming frå dei abonnentane som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Innkrevjinga kan overførast til selskapet dersom kommunane ønskjer det, og selskapet seier seg viljug til å overta innkrevjinga. Desse gebyra vert fastlagde av kommunane i samsvar med lovverket for slike gebyr.

#### § 15 Klageutval

Når det er innført felles føresegnar for renovasjon og slamtøming, vert det oppretta eit eige klageutval for endeleg handsaming av klager i høve til desse føresegnene. Vedtak i utvalet er endelege og kan ikkje påklagast vidare. Det vert vist til Kommunelova og Forureiningslova kapittel 11 med tilvisingar til Forvaltningslova.

I klageutvalet skal det vere 7 medlemmer, der Ålesund kommune alltid skal vere representert, medan dei 11 andre kommunane vel 6 medlemmer som har ei funksjonstid lik den kommunale valperioden.

Representantskapet i selskapet avgjer kva kommunar som skal vere representert i klageutvalet for kvar 4 – års periode.

Klageutvalet vel sjølv sin leiar og nestleiar. Styreleiaren og dagleg leiar i selskapet har møterett og talerett, men ikkje røyserett i klageutvalet.

#### § 16 Nye medlemmer

Vedtak om opptak av nye medlemmer krev tilslutnad frå kommunestyret i alle deltakarkommunane.

Samtidig skal representantskapet fastlegge ny prosentdeling og representasjon i § 5. Nye medlemmer skal innbetale ein kontantsum eller aktiva av tilsvarande verdi. Summen skal tilsvare det nye medlemmet sin prosentvise del av selskapet sin eigenkapital. Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

#### § 17 Rett til å tre ut

Den enkelte kommune kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av dette. Vedtak i ein kommune om å gå ut må meldast representantskapet på årsmøtet.

Utløysingssummen vert fastsett til nettoverdien av eigardelen ved utløpet av oppseiingsfristen.

Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sine innskot. Utløysingssummen skal utbetalast straks.

[Skriv inn tekst]



Det vert elles vist til IKS - lova §30.

### § 18 Oppløysing

Oppløysing av selskapet kan berre skje dersom kommunestyra i alle medlemskommunane har gjort prinsippvedtak om dette. Kvar av dei deltakande kommunane er ved oppløysinga av selskapet ansvarlege for sin del av pliktene i høve til folketalet det året selskapet vert oppløyst.

Når det er avgjort at selskapet skal oppløysast, og oppløysinga er godkjend av departementet, skal representantskapet straks nemne opp eit avviklingsstyre. Styret i selskapet trer ut av funksjon når avviklingsstyret er valt.

Det vert elles vist til IKS - lova §§ 32 flg.

### § 19 Endringar i selskapsavtalen

Endringar i selskapsavtalen som gjeld forhold som er omtalt i IKS - lova § 4, 3. ledd krev vedtak i kommunestyret i alle deltakande kommunar. Andre endringar kan vedtakast av representantskapet med eit fleirtal på minst 2/3 av dei avgjevne røystene.

### § 20 Tvistar

Dersom det oppstår tvist om tolking av selskapsavtalen skal ein prøve å løyse denne med forhandlingar mellom partane. Om ein ikkje oppnår semje, vert tvisten å avgjere ved dei alminnelege domstolane. Sunnmøre tingrett er rett verneeting.

[Skriv inn tekst]

## Interkommunalt samarbeid som IKS

Sak nr	Utval	Møtedato
004/17	Delprosjekt P3 – Interkommunale samarbeid	16.10.2017

### Framlegg til vedtak:

Delprosjektgruppa P3 held i neste møte fram med vurderinga av deltaking i interkommunale selskap med utgangspunkt i følgjande:

1. Nye Ålesund ser det som tenleg å delta vidare i desse selskapa, utan vesentleg endringar i selskapsavtalane ut over nye juridiske einingar:
  - a. ...
  - b. ...
  - ...
2. Nye Ålesund er open for å delta vidare i desse selskapa, under føresetnad av at det blir utforma ny selskapsavtale der det mellom anna blir samsvar mellom representasjon i representantskapet og eigar- og ansvarsdel, og at det blir tatt med punkt om eigarstyring og valkomité:
  - a. ...
  - b. ...
  - ...
3. Nye Ålesund ser ikkje behov for å delta vidare i følgjande selskap, alternativt at selskapa blir oppløyste:
  - a. ...
  - b. ...
  - ...

[Skriv inn tekst]

**Vedlegg:**

Ingen.

**Saksutgreiing:**

**Kvifor denne saka**

Delprosjektgruppe P3 vedtok i møte 26.09.17 å sett opp gjennomgang av IKS og vertskommunesamarbeid som tema på sitt neste møte. Grappa bad administrasjonen lage ei saksutgreiing til hjelp for å starte ein konklusjon omkring interkommunale samarbeid.

Administrasjonen har vald å dele oppdraget i to saker. Den eine gjeld IKS og den andre gjeld vertskommunesamarbeid. Denne saka gjeld IKS.

**Omfang av interkommunalt samarbeid som IKS**

Dei fem kommunane bak nye Ålesund deltek i sju IKS:

1. Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - (alle kommunane i fylket + fylkeskommunen)
2. Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS – 11 sunnmørskommunar + Midsund
3. SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS - 2 kommunar
4. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS – 11 sunnmørskommunar + Midsund
5. Sunnmøre Regionråd IKS – 19 kommunar
6. Åknes/Tafjord beredskap IKS – 7 sunnmørskommunar + Rauma og fylkeskommunen
7. Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS – 12 kommunar

Vi ser at samarbeidet om dei sju IKS-a kommunane deltek i, omfattar frå 2 til 39 deltakarar. Seks av dei utfører oppgåver som kommunane er pålagt å utføre. Eitt arbeider med saker av meir frivillig karakter.

**Kva som er oppdraget til delprosjektgruppe P3 (jf. mandatet)**

Eitt av måla med kommunereforma er å redusere behovet for interkommunalt samarbeid slik at kommunen kan få sterkare styring og kontroll – politisk og administrativt – over dei tenestene kommunen har plikt til å gi sine innbyggjarar og det forvaltningsansvaret som er lagt til kommunen. Desse oppgåvene har kommunen ansvaret for uavhengig av kven som utfører dei på kommunens vegne.

Intensjonsavtalen som er inngått mellom dei fem kommunane om skaping av den nye kommunen, gir fellesnemnda i oppgåve å vurdere kva samarbeid det er ønskjeleg eller nødvendig for den nye

[Skriv inn tekst]

kommunen å inngå i. Delprosjekt P3 skal utarbeide ein rapport som grunnlagsdokument for fellesnemnda si avgjerd. Denne skal bygge vidare på kartleggingsrapporten «Hopehav» levert av administrativ prosjektgruppe mai 2017.

### **Formelle rammer**

Deltaking i eit IKS må skje innafør formelle rammer fastsett i lov og i selskapsavtale. Viktige formelle rammer er mellom anna dette:

<b>Definisjon</b>	IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i «Lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper», og er eit selskap der alle deltakarane er kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap. Eit slikt selskap må ha mist to deltakarar. Dei to kan da vere to kommunar, ein kommune og ein fylkeskommune, to fylkeskommunar, ein kommune og eit interkommunalt selskap, eit interkommunalt selskap og ein fylkeskommune, eller to interkommunale selskap.
<b>Partsstilling</b>	Eit IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt. Selskapet kan med andre ord ha rettar, plikter og partsstilling ovanfor domstol og andre styresmakter. Dermed er ikkje IKS ein del av den enkelte selskapsdeltakers organisasjon.
<b>Deltakaransvar</b>	Den enkelte deltakar heftar for ein uavgrensa prosent- eller brøkdel av selskapet sine plikter. Til saman skal alle delane utgjere selskapet sine samla plikter.  Om kreditor ikkje når fram med sine krav hos selskapet, kan vedkomande krevje den enkelte deltakar for deltakaren sin del av pliktene for selskapet.  Ein deltakar som har dekt heilt eller delvis ei fordring på selskapet, kan straks søkje tilbake sitt utlegg av selskapet.
<b>Selskapsavtale</b>	For å kunne opprette eit IKS må det lagast ein skriftleg selskapsavtale. For den enkelte deltakarkommune må kommunestyret eller fylkestinget sjølv vedta avtalen. For eit IKS som skal bli deltakar, må avtalen bli vedtatt av representantskapet sjølv.  Avtalen skal omfatte minst 9 forhold slik det går fram av IKS-lova § 4 tredje ledd.  Endringar av avtalen som gjeld forhold nemnt i § 4 tredje ledd, må godkjennast av dei same som vedtok avtalen, jf. ovanfor. For andre endringar ligg endringskompetansen hos selskapet sitt representantskap. Gyldig endringsvedtak krev da to tredeler av stemmene.

[Skriv inn tekst]

<b>Plikt til innskot</b>	Deltakarane har ikkje plikt til innskot i større utstrekning enn det som går fram av selskapsavtalen og IKS-lova.
<b>Representantskap</b>	<p>Deltakarane utøver sitt mynde i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er det øvste organet i selskapet.</p> <p>Kvar deltakar skal ha minst éin deltaka i representantskapet. Ut over det blir fordelinga av representasjonen fastsett i selskapsavtalen.</p> <p>Vedkomande kommunestyre eller fylkesting vel sjølv sine representantar til representantskapet og avgjer sjølv korleis valet skal skje. For IKS er det representantskapet som vel sine representantar.</p> <p>Representantane blir valde for fire år om ikkje anna er bestemt i selskapsavtalen. Deltakarane kan velje nye representantar i løpet valperioden. Dei nyvalde sin funksjonstid gjeld for den resterande delen av valperioden.</p>
<b>Styret</b>	<p>Selskapet skal ha eit styre på minst tre medlemmer. Talet blir fastsett i selskapsavtalen.</p> <p>Det er egne reglar for tilsette sin representasjon i styret.</p> <p>Representantskapet vel medlemmer til styret, blant desse styreleiar og nestleiar.</p> <p>Den enkelte selskapsdeltakar har ingen direkte line til styret og kan derfor ikkje blande seg inn i styret sitt arbeid.</p>
<b>Dagleg leiar</b>	<p>Selskapet skal ha dagleg leiar som blir tilsett av styret. Selskapsavtalen kan bestemme at tilsettingskompetansen skal ligge til representantskapet.</p> <p>Styret er direkte overordna styreleiar. Den enkelte selskapsdeltakar har ingen direkte line til dagleg leiar og kan derfor ikkje blande seg inn i vedkomande sitt arbeid.</p>
<b>Eigarskifte</b>	Selskapsdel kan berre bli overført til ny deltakar med samtykke frå alle dei andre deltakarane.
<b>Utgang</b>	Den enkelte deltaka kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold og krevje å få bli fritatt frå selskapet. Selskapsavtalen kan ha ei anna oppseiingstid eller eit vilkår om at oppseiing ikkje kan skje innan eit nærare bestemt tidsrom.



§ 30 i IKS-lova har nærare reglar omkring utgang frå selskapet.

Inndelingslova, § 16 går framfor IKS-lova sine oppseiingsreglar:

*Kommunar og fylkeskommunar som er med i interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, lov om interkommunale selskap eller kommunal særlovgiving, kan innan eitt år frå iverksetjing av ei grenseendring seie opp deltakarforholdet sitt med ein frist på seks månader. Innan den same fristen kan også kvar av partane krevje at vedtektene for samarbeidet eller selskapsavtalen blir vurderte på nytt. Reglane i kommunelova § 27 om å gå ut av interkommunalt samarbeid og reglane i lov om interkommunale selskap § 30 om å gå ut av interkommunale selskap, gjeld elles tilsvarende i slike tilfelle.*

### **IKS og kommunal kontroll og styring**

Eit IKS er som nemnt ovanfor, eit sjølvstendig rettssubjekt. Selskapet sitt mynde er nedfelt i IKS-lova og i selskapsavtalen – ein avtale alle deltakarane må ha godkjent. Alle deltakarane må også vere samde dersom avtalen skal endrast. Selskapet ligg med andre ord utanfor den enkelte deltakarkommune si direkte styring og kontroll.

Kvar deltakar kan målbera sine interesser berre gjennom sine deltakarar i representantskapet. Dersom kommunen skal vere ein aktiv deltakar (eigar) krev det at det er tett kontakt mellom kommunen og kommunen sine representantskapsmedlemer. Kommunen må dessutan vere villig til å gi representantane bindande mandat i representantskapet. For å oppnå dette er det ein føresetnad at innkalling med saksdokument til representantskapsmøta blir sendt til deltakarane i så god tid at det blir mogleg å behandle sakene politisk i kommunen før møtet blir halde.

Dess fleire deltakarar eit IKS har dess mindre styring og kontroll vil kvar deltakar ha. Det følgje av at den forholdsmessige representasjonen i representantskapet blir mindre med aukande deltakartal.

Kommunale oppgåver og plikter det er nødvendig eller ønskjeleg å ha direkte politisk styring og sterk kontroll over, eignar seg ikkje til å bli utført gjennom eit IKS med mindre kommunen kan sikre seg eit fleirtal i representantskapet.

Der det ikkje er så viktig med direkte styring og sterk kontroll, kan det vere tenleg å få gjennomført oppgåva med bruk av eit IKS.

Eit anna forhold det er verd å tenkje på ved å delta i mange interkommunale selskap, er den økonomiske bindinga dette fører til. Representantskapet vedtar budsjett for selskapet. Budsjettet legg rammene for selskapet sine inntekter og utgifter. I dei fleste tilfelle fastslår selskapsavtalen at

[Skriv inn tekst]



deltakarane skal betale inn årlege ytingar til selskapet med dei beløp representantskapet vedtar gjennom sitt budsjett. Dermed blir deltakarane påført kostnader som deltakarane ikkje kjem seg unna og som dei må ta omsyn til når dei skal vedta sine eigne budsjett. Dess fleire slike selskap kommunen deltek i, dess mindre handelrom får kommunen i bruken av pengar til oppgåver som blir gjennomført i eigen regi.

### **Kort om dei sju IKS-ane**

#### ***Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS***

Selskapet blir omtala som IKA . Oppgåva er å ta hand om historisk arkivmaterieil frå deltakarkommunane, men ikkje det daglege arkivet som er i aktiv bruk . Dette er ei viktig oppgåve som kommunane har plikt til å ta hand om med tanke på å sikre dokument for ettertida mellom anna til bruk for forskarar og andre. Men det er også viktig for rettstryggleiken ved at vi kan finne tilbake til kva som har vore gjort og vedtatt.

Arbeidet med det historiske materiellet må skje etter reglar fastsett i arkivlova. Det krev såleis ei sterk fagleg forankring i vurderinga av kva som skal bli arkivert, korleis arkivet skal ordnast og korleis vi skal sikre innsyn i og tilgang til materiellet. Behovet for direkte politisk styring og sterk kontroll over denne oppgåva, er derfor ikkje særleg stort og dermed kan det interkommunale samarbeidet gjennom eit IKS framleis vere aktuelt.

Endringa i kommunestrukturen som no skjer i fylket, vil gjere det enno meir aktuelt å halde fram med samarbeidet om det historiske arkivet. Arkiva frå dei gamle kommunane som no forsvinn, må framleis bli tatt vare på og kan ikkje slettast fordi det blir etablert nye kommunar. IKA vil vere eit godt verkty for å halde styr på dei historiske trådane.

Ny kommunestruktur fører til at noverande selskapsavtale må endrast. Ikkje berre som følge av at det blir nye juridiske einingar, men også fordi storleiken på einingane endrar seg. Dessutan: Ein av deltakarkommunane, Rindal, går ut av Møre og Romsdal og over til Trøndelag. Halså går saman med Hemne og delar av Snillfjord – som begge i dag er kommunar i Trøndelag, og Hornindal blir ein tilvekst til Møre og Romsdal gjennom å skape ein ny kommune saman med Volda.

#### **Altså:**

Nye Ålesund bør stille seg positiv til å halde fram som deltakar i IKA. Noverande selskapsavtale må endrast eller bli heilt ny.

#### ***Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS***

Selskapet blir omtala som KOMREV 3. Kommunen er pålagt å få gjennomført revisjon av si verksemd. Revisjonen skal omfatte både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Kommunestyret avgjer sjølv om det skal tilsette eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå [Skriv inn tekst]



avtale med annan revisor. Avgjerda om revisjonsordning blir tatt av kommunestyret sjølv etter innstilling frå kontrollutvalet.

Det er viktig at revisjonen har så fri stilling som mogleg i høve til kommunen elles for på den måten å kunne gjere arbeidet mest mogleg uhilda. Å legge revisjonen til eit interkommunalt revisjonsselskap gir ein tilfredsstillande avstand.

Dagens selskap har 12 deltakarar. Fem av desse går saman til å bli nye Ålesund kommune, to andre går saman til nye Fjord kommune, og éin går inn i nye Molde kommune. Dermed blir talet på deltakarar redusert til seks: Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven og nye Ålesund. Så spørst det om denne endringa vil påverke desse deltakarane si haldning til å halde fram i selskapet. I skrivande stund er det ikkje kjent kva Fjord, Giske, Stranda, Sula og Sykkylven meiner om framtida for KOMREV 3. Nye Ålesund vil bli om lag 2,5 gongar så stor i innbyggartal som dei fem andre kommunane til saman. Dermed vil det også vere naturleg at nye Ålesund får fleirtalet i representantskapet, og dermed sterk indirekte styring av selskapet. Om dette vil svekkje appetitten til dei andre deltakarane, er ikkje godt å seie.

#### Altså:

For nye Ålesund kommune bør det vere aktuelt å halde fram som deltakar i KOMREV 3. Vilåret for det bør vere at det blir forhandla fram ein ny selskapsavtale.

#### ***SAHARA (Sandøy/Haram) interkommunale vassverk IKS***

Når dei to deltakarane blir ein del av ein ny kommune, fell grunnlaget for selskapet bort. Eit IKS må, som nemnt ovanfor, ha minst to deltakarar. Her blir det berre ein.

#### Altså:

SAHARA må løysast opp fordi det ikkje kan halde fram som sjølvstendig IKS med berre éin deltakar.

#### ***Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS***

Selskapet har som oppgåve å stille sekretariatshjelp til disposisjon for deltakarkommunane sine kontrollutval.

Kvar kommune skal ha eit kontrollutval vald av kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre samanhengande tilsyn med kommunen si forvaltning. I dette ligg å sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert på ein trygg og tilfredsstillande måte, at den økonomiske forvaltninga blir gjennomført i samsvar med lovar, reglar og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet og om måla blir nådd ut frå kommunestyret sine [Skriv inn tekst]



vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal elles føre tilsyn med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Sjølv om kontrollutvalet er eit organ under kommunestyret, har det oppgåver som krev at det bør stå så fritt som råd i forhold til kommunen elles. Tette band mellom utvalet og andre organ og/eller administrasjonen vil vere svært uheldig. Dette er vel bakgrunnen for at det i si tid vart etablert eit eige interkommunalt selskap slik at kontrollutvalet kan få sitt eige sekretariat utanfor kommunen.

Selskapet har dei same deltakarane som KOMREV 3, sjå ovanfor. Med endringa i kommunestrukturen blir talet på deltakarar redusert til seks. Dermed blir også talet på kontrollutval som selskapet skal hjelpe, redusert frå 12 til 6. Dette vil påverke arbeidsoppgåvene til selskapet. Med halvering av talet på utval vil det kunne gi større kapasitet til å hjelpe kvart utval til å utøve dei oppgåvene kontrollutvala er pålagt eller det er forventa dei skal gjere.

Til liks med KOMREV 3 vil Ålesund bli om lag 2,5 gongar så stor i innbyggartal som dei fem andre kommunane til saman. Dermed vil det også vere naturleg at nye Ålesund får fleirtalet i representantskapet, og dermed sterk indirekte styring av selskapet. Om dette vil svekkje appetitten til dei andre deltakarane, er ikkje godt å seie.

#### **Altså:**

For nye Ålesund kommune bør det vere aktuelt å halde fram som deltakar i kontrollutvalssekretariat-IKS-et. Vilkåret for det bør vere at det blir forhandla fram ein ny selskapsavtale. Ei aktuell endring er å ta bort regelen om at leiarane i kontrollutvala skal vere medlemmer av representantskapet. Dette er uheldig med tanke på at kontrollutvala skal føre tilsyn med forvaltninga av kommunane sine eigarinteresser i selskap m.m.

Dersom grunnlaget for å føre selskapet vidare fell bort, er det ingen ting i vegen for at kommunen kan etablere eige sekretariat på eiga hand.

#### ***Sunnmøre Regionråd IKS***

Regionrådselskapet skal hjelpe til med å få til ei positiv utvikling i deltakarkommunane og i regionen ved å fremje sunnmørske politiske saker, fremje eit mangfaldig næringsliv og utvikle kommunale tenester. Selskapet skal dessutan leie samarbeidsprosjekt mellom kommunar i regionen innan slikt som energi og klima, helse, innovasjon og oppvekst.

Selskapet er med andre ord ikkje etablert for å utføre oppgåver som kommunane er pålagt å utføre. Behovet for å ha sterk styring og kontroll ned at oppgåvene blir utført slik kommunen pliktar, er derfor ikkje til stades. Dermed er desse omsyna ikkje tungtvegande nok til å råde frå vidare deltaking i selskapet.

[Skriv inn tekst]



Alle kommunane på Sunnmøre er deltakarar i selskapet. Endringa i kommunestrukturen vil redusere talet på deltakarar. Endringa vil neppe føre til deltakarane si haldning til å halde fram i selskapet fordi selskapet skal målberere regionen sine interesser og stimulere til å utvikle prosjekt på tvers av kommunane.

Altså:

Nye Ålesund bør halde fram som deltaka i Sunnmøre Regionråd IKS. Noverande selskapsavtale må forhandlast fram på nytt.

**Åknes/Taffjord beredskap IKS**

Selskapet vart i si tid etablert for å vake over rasfaren ved Åkneset i Stranda kommune. Dette vart seinare utvida til også andre farlege fjell, mellom anna Mannen i Rauma kommune.

Staten v/NVE har no tatt over dette arbeidet. Selskapet endra da si oppgåve til å arbeide med varsling når raset går og med beredskap for å førebyggje og redusere skadane som følgje av ras.

Deltakarar i selskapet er først og fremst kommunar som grensar mot Storfjorden. I tillegg er Rauma og fylkeskommunen deltakar. Skodje, som også grensar mot Storfjorden, har til no ikkje blitt deltakar. Det er heller ikkje Sula, som ligg ytst i utløpet av Storfjorden.

Kvar kommune har eit sjølvstendig ansvar for beredskap mot alle typar av farar og uønskte hendingar til skade for liv og eigedom – medrekna ras av snø og stein. Slik sett er det ikkje absolutt nødvendig å delta i eit beredskapsselskap som er avgrensa til steinras. Men til no har det vore nyttig fordi selskapet har vore til god hjelp med utvikling av beredskapsplanar i kommunane. Det er også utarbeidd rutinar og samarbeid med brannvesena om varsling når faren for ulykke er overhengande stor. Selskapet har med andre ord etter kvart på ein måte gjort seg overflødig.

Altså:

Nye Ålesund bør vurdere å gå ut av selskapet Åknes/Taffjord beredskap IKS.

**Ålesundregionen interkommunale miljøelskap IKS**

Selskapet blir omtala som ÅRIM. Formålet med selskapet er ganske omfattande:

Utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål. Selskapet skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlina. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre

[Skriv inn tekst]

selskap, eller private næringsdrivande. Gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljø-messig ønskjeleg og økonomisk forsvarleg. Selskapet skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og miljøvenleg avfallsbehandling. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap. Utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.

Dei oppgåvene selskapet er tillagt, har kommunane ansvar for. Kommunane har også myndet etter forureiningslova. For innbyggjarane er tenestene og pålegga kommunen gir gjennom selskapet, viktige. Når alt fungerer er det få som merkar noko, men når ting ikkje fungerer, kan det få store ulemper. Dette tilseier at det er viktig for kommunen å kunne ha direkte styring og sterk kontroll over oppgåvene dei er pålagt ansvar for og er direkte retta mot innbyggjarane. Ved bruk av eit IKS blir denne styringa og kontrollen svekka.

Selskapet er ein viktig aktør i utforminga av kommunen sin miljø- og klimapolitikk. Det tilseier at kommunen bør ha så direkte styring som mogleg. Likevel er det slik at klima og miljø ikkje kan løysast heilt lokalt. Det krev tiltak som omfattar større område. Slik sett vil eit regionalt, interkommunalt selskap kunne ta omsyn til ein større heilskap enn kommunane kan gjere kvar for seg.

Selskapet har 12 deltakarar. Fem av desse går saman i nye Ålesund og to går saman i nye Fjord. Dermed blir talet på deltakarar redusert til 7: Fjord, Giske, Stranda, Sula, Sykkylven, Vestnes og nye Ålesund – altså ei nær halvering. Dette vil ikkje få nokon innverknad på det geografiske området selskapet skal dekkje, men det endrar styrkjeforholdet mellom deltakarane.

Dagens selskapsavtale har reglar som gir nye Ålesund eit mindretal i representantskapet medan eigardelen vil vere på rundt 63 prosent, dvs. vil hefte for nær to tredeler av selskapet sine plikter. Slikt misforhold er ikkje tenleg. Derfor må selskapsavtalen bli forhandla på nytt dersom nye Ålesund skal bli deltakar i selskapet.

#### Altså:

Dersom direkte styring og sterk kontroll er viktig, bør nye Ålesund vurdere å gå ut av selskapet. Dersom det regionale perspektivet blir tillagt overordna vekt, tilseier det at nye Ålesund blir deltakar i selskapet. Kva som er den beste løysinga økonomisk, er ikkje vurdert her.

Føresetnad for deltaking i selskapet bør vere å forhandle fram ein ny selskapsavtale.

#### **Vurdering**

[Skriv inn tekst]

I delprosjektgruppa sitt mandat er det sett eit effektmål. Delprosjektet må vurdere saka med utgangspunkt i dette effektmålet:

4. Alle skriftlege avtalar om interkommunalt samarbeid som i dag er inngått, blir ugyldige frå og med det tidspunktet den nye kommunen er operativ (01.01.2020).
5. Pkt. 1 betyr at avtalane må anten bli inngått på nytt, med eller utan endring, eller seiast opp. Nye avtalar må vere signert av partane før 01.01.2020. Oppseiing av avtalar inneber overføring av oppgåvene til den nye kommunen.
6. Effektmålet med delprosjekt P3 er å få fram grunnlaget for å kunne realisere pkt. 2, dvs.
  - a. kva avtalar som bør førast vidare utan endring anna enn nye juridiske partar,
  - b. kva avtalar som bør førast vidare med endringar, og
  - c. kva avtalar som bør bli sagt opp.

Delprosjektgruppa bør dessutan vurdere deltaking i eksisterande og nye interkommunale selskap – IKS – med omsyn til

- kva som er formålet med selskapet,
- om kommunen og/eller regionen er tent med å delta, og
- kven som bør delta.

Oppgåver det er viktig og nødvendig å ha direkte politisk styring og kontroll over, bør ikkje bli lagt til eit IKS.

Tore Hals  
administrativ tilretteleggar

[Skriv inn tekst]